



Mona Stegen, Kari Gjærum og Koia gler seg til opphaldet i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Fjellsportentusiastar frå heile Sør-Noreg og ein frå Nord-Noreg har i kveld kome til Rabben Feriesenter som er base for den nasjonale fjellsportsamlinga i pinshelga. Det har vore ein del fråfall og tidleg i kveld var 61 deltakarar og 15 leiarar på plass.



Øystein Ormåsen - lengst til høgre - opnar fjellsportsamlinga seint i kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den mest langvegsfarande kom i bil heilt frå Bodø - saman med bikkja!

Det var Mona Stegen, som har budd i Bergen i fleire år men som ikkje tidlegare har vore på tur i Kvinnherad-fjella. Ho har konsentrert seg om Hardangervidda. Denne helga har ho meldt seg på toppturar både på Ulvanåso og Melderskin.

Grunnen til at det vart ein skikkeleg langtur for henne no var at skulevenninna Kari Gjærum frå Skien frista henne.

Leiar av fjellsport-samlinga Øystein Ormåsen frå Langesund opplyser at deltakarane ellers kjem frå Skien, Bergensområdet, Oslo, Lillehammer, Trondheim, Ålesund, Stavanger, Kristiansund og Arendal.

DNT Fjellsport Bergen er svært godt nøgde med oppslutnaden, særleg fordi dette er fyrste gongen dei freistar med eit slikt arrangement. Det er også den første i Noreg. Men uansett korleis det vil arte seg har DNT allereie bestemt seg for å satsa på Lyngsalpane neste vår! Men då blir det andre arrangørar.

-Men vermeldingane, særleg for laurdag, er ikkje spesielt lovande...

-Det tek vi ikkje så tungt, ein kan ikkje vera så kravstor på Vestlandet i så måte. Eg spår at opphaldet blir vellukka sjølv om det kjem ein regnkvett. Det er fjellsportarane vane med. understrekar Ormåsen.

Alle dei planlagde turane skal gå etter programmet i morgon sjølv om det er noko fråfall.

Av Ola Matti Mathisen



Fjellsportarane reiste 7 lavvoar på Rabben i kveld og det betyr overnatting for rundt rekna 50. I tillegg kjem vanlege telt og overnatting i hytter. (Foto: Ola Matti Mathisen)